

Oppsummering

Sylfest Lomheim, direktør i Norsk språkråd

Det har vore lang dags ferd mot oppsummering, og det har på fleire vis vore ein spesiell dag. Filosofen Kant døydd i dag, bestefaren min vart fødd i dag, eldste guten min vart døypt i dag, og Språkrådet starta altså sin nye, opne debatt om nyorientering i dag. Me har fått mykje å ta fatt i. Viss eg ikkje hadde hatt ti minutt til oppsummering og eg måtte ha tenkt på kva slags innlegg eg då ville ha spelt om igjen, ville eg – blant mange gode innlegg – ha valt Tor Fugleviks innlegg. Men det er altså tid til oppsummering.

Det første eg vil trekkja fram, er ein mangel. Noko som ikkje har vore så tydeleg. Det er historiesansen, sansen for dei lengre linjene attover og framover. Sjølv sagt har mange vore inne på det, men kanskje ikkje nok. Me seier at ting tek tid, og det er jo ofte sant. Men ting går òg ofte veldig raskt. Eg har eit badehandkle heime. På det handkleet står det: "Bruk SMS i Bergen Bank". Handkleet er frå tidleg åttital. For det første eksisterer ikkje Bergen Bank lenger, slike bankar er det ikkje rom for i dagens økonomiske verd. For det andre tyder sms på handkleet 'sparing med skattefrådrag', ei forkorting som nota bene er norsk. Alle veit kva sms betyr i dag. Det har ei anna meining, og det er ei forkorting for tre engelske ord – short message system.

Dette er ei utvikling over berre tjue år. Utviklinga heng til tørk på mitt baderom, illustrerande for dei som evnar å sjå og tolka. Handkleet fortel kor snøgt språk og samfunn endrar seg. Temaet i dag er utfordringane for det nye språkorganet. Eg meiner at i røynda har me berre ei utfordring, ikkje fleire. Og den er eit årstal, 2105. Altså hundre år etter 2005, når me feirar hundreårsjubileet for 1905. Utfordringa er å sikra at norsk skal vera kulturspråk og samfunnspråk i 2105. Utfordringa er så enkel at ho knapt treng diskuterast. Men ho må formulerast!

Middelet me då må bruka, meiner eg, er presentert av Even Hovdhaugen. Også *det* berre eitt ord, *haldning*. Men det ordet inneber alt. Hans eksempel frå Stillehavet viser at det som er essensen, er at det er haldninga hos språkbrukarane som avgjer språkets liv. Alt anna blir sekundært og staffasje. Og i det perspektivet, sjølv sagt, når det gjeld framtida for det norske språket, må eg seia at det er provoserande å høyra visse røyster som stadig driv og manar til gammaldags språkkamp, som utilslørt vil skvisa nynorsk som sidemål. Det er kamp på ein banehalvdel som me ikkje lenger burde spela på. For manar byrådet i Oslo til krig, så blir det krig. Men ein slik sidemålskrig er svært destruktiv når me tenkjer på det som bør vera målet, året 2105. For som Arve Torvik sa: "Det globale ruler." Engelsken et seg inn. Viss ikkje me greier å få til køyrereglar som gjer at me kan ha ein funksjonell og fruktbar sameksistens, der engelsk og norsk lever side om side i det norske samfunnet, så har me tapt. Norsk skriftleg vil ha tapt. Terminologi blir i den samanhengen eit høgt prioritert område, og då har me bevega oss inn i rekkja av arbeidsoppgåver.

I den prosessen me tek til på her i dag, har departementet den same rolla som den Ibsen formulerte som si: "Mitt kall er ei at svare." Fordi departementet verken kan eller vil gje fasit "på det noverande tidspunkt". Departementsleiinga har streka under at prosessen skal vera brei og open. Dette er reelt, og alle må bruka tida og høvet til å formulera sine synsmåtar.

Jan Svennevig spurde: "Skal organet være vaktbikkje eller ikke?" Det skal hjelpa til med god kommunikasjon i samfunnet, meinte han. Mitt svar er at det nye organet må vera vaktbikkje

internt i staten. For, som alle veit, gjeld det lover og reglar for statens språklege praksis. Eksternt bør det nye organet derimot ikkje vera vaktbikkje, men eit stimulerande og interessevekkjande organ. Brukarane av norsk skriftleg skal motiverast!

Så har fleire stilt spørsmålet: ”Treng me normering? Er det behov for normering?” Nokre meiner klart ja, andre er ikkje så overtydde. At eit slikt spørsmål i det heile blir stilt i eit norsk språkråd, er ganske oppsiktsvekkjande. Sjølv sagt er det behov for normering, meiner eg. Men sannsynlegvis ikkje på same måten som før. Og i dette rommet kan det seiast at mange bacondebatter ikkje er av det byggjande slaget. Me treng strategisk normering (og så får me diskutera kva som ligg i det ...). Og me treng ein norsk språkbank, me treng gode nettsider for Språkrådet og – ikkje minst – me må aldri gløyma at i barnehagane og i skulestovene sit dei som er språkbrukarar i neste generasjon. Der er fakkelerarane, dei som skal levera morsmålsfakkelen til neste generasjon. Viss ikkje me greier oppgåva i forhold til dei, er det nyttelaust alt det me elles snakkar om.

Endeleg er det alliansesamvirket i samfunnet som avgjer. Utdanning og forskning, kringkasting, presse, kulturliv og næringsliv må vera medvitne sitt ansvar for framtida til morsmålet. Ikkje berre vita, men agera og handla i pakt med innsikta. Det er den samla kollektive krafta som kan sikra oss eit levande språk om hundre år. Alliansebygging i samfunnet og gode nettverk i alle våre kompetansmiljø blir opplagde arbeidsmål.

Nynorsk og bokmål kjem gradvis til å innsjå at dei er i same situasjon, at dei sit i same båt. (Det er kanskje ikkje så tydeleg for bokmålet i dag, men om tjue, tretti, førti år blir det truleg tydeleg nok at verken for bokmålet eller nynorsken er framtida sjølv sagt.) Då er det viktig å hugsa på at det å vera minoritet ikkje betyr å vera funksjonshemma. Me må ikkje tru at endelikta er viss og ufråkomeleg (somme trur at Lomheim har snakka om det). I dette gemet finst ingen nødvendig lagnad, berre meir eller mindre sannsynlege utviklingar. Men naivitet er notorisk farleg!

Me må definera eit handlingsrom, eit realistisk handlingsrom, og så gå inn i dette handlingsrommet med alt me har av politisk kraft. Handlingsrommet må fyllast med *kulturpolitikk*. Og då, som Kari Bjørke var inne på, blir det avgjerande at staten sjølv er heilt klar over kva makt som ligg i statens hender når det gjeld språkutvikling. Så langt har staten langt på veg vore medvitslaus når det gjeld si mektige kulturpolitiske rolle. Tradisjonen har vore at språkpolitikken, det er Kulturdepartementet. Ferdig med det. I praksis er det fire departement, minst, som er heilt sentrale når det gjeld korleis staten sjølv som aktør påverkar og avgjer språkutviklinga. Stikkordet? ”Sektorovergripande kulturpolitikk!”

Sluttordet? Ein morgon i slutten av januar i år kom prinsesse Ingrid Alexandra til verda. Den same tidlege morgonen kom Kåre Willoch til meg – i draume – som det siste eg opplevde før eg vakna til prinsessefødsel. Willoch kom til meg og sa grant følgjande, med knirkande ettertrykk: ”Styrking, er det nu som trengst!”

Takk for alle innlegg, og takk for framifrå møteleiing. Den har vore på vanleg sognakvalitetsnivå. Ikkje minst takk til alle som har sete og høyrte på og sikkert lytta med interesse. Som han sa, guten – her var det mykje, noko har eg smakt før, men det var veldig godt.